

VEDLEGG 3

INNSPEL TIL VOTERING I EIDFJORD FORMANNSKAP

Lista tek føre seg konkret innspel og ein liten kommentar frå den politiske styringsgruppa si vurdering på bakgrunn av ynskjer og vurderinga i gjennomført KU- og ROS-analyse. Gjeldande dokument tek føre seg innspel som skal voterast over i møte.

Talet til kvart innspel referera til journalpost i kommunen sitt arkivsystem, dermed er ikkje tal i fast stigande rekkefylgje.

| NR. | NAMN INNSPEL | KOMMENTAR |
|------------------|--|--|
| 1 | Tal einingar i LNF-område | <p>Gjeldande kommuneplan opnar for to einingar på ein LNF-eigedom som ikkje er direkte knytt til ein landbrukeigedom. Dette er då ein hovudbutad og garasje/uthus. Innspelet basera seg på eit ynskje om opning for ein ekstra eining på LNF-områder (i ny kommuneplan LNF-spreidd bustad).</p> <p>Endringa vil gje ei auke i tal einingar på LNF-spreidd bustad eigedommer. Føremålet LNF-spreidd er nytta i Erdal og på Bu i gjeldande kommuneplan, i ny kommuneplan vil ein i tillegg nytta føremålet i Øvre Eidfjord. LNF-spreidd bustad er eit føremål som opna for utvikling av nye/eksisterande bustader som ligg utanføre regulerte bustadfelt, gjerna i områder med spreidd bebyggelse.</p> <p>Politikarane bes taka stilling til grensa for tal einingar på ein bustadeigedom i LNF-spreidd.</p> |
| 26 | Gondolbane Eidfjord sentrum | <p>Styringsgruppa var delt på spørsmål om å regulera areal til mogleg gondoletablering i Eidfjord.</p> <p>Innspelet skissera ei gondoletablering i Eidfjord sentrum til til dømes Onen. Innspelet har fokus på gondoletableringa i seg sjølve, plassering er ikkje fastsett og me les innspelet til at ein kan justera kvar ein ynskjer ein eventuell toppstasjon.</p> <p>Politikarane bes ta stilling til eit prinsipielt ynskje om ein ynskjer å arbeida vidare med å utreda gondolmoglegheita i Eidfjord. Utredninga vil då knytta seg på Eidfjord kommunesenter, ein vil ikkje sjå på plasseringar utanføre området definert som sentrum.</p> |
| 45 b | Justering fritidsbustadfelt Gardsmyrane (gbnr. 18/1) | <p>På Gardsmyrane ligg det regulerte framtidige fritidsbustadfelt i gjeldande kommuneplan, det er spelt inn ynskje om å justera plassering av felta. Styringsgruppa drøfta kring problematikken med nebygging av myrområder. Drøftinga sverma kring om ein burde beholda, redusera eller taka ut områda. Det var stilt spørsmål til korleis ein ynskjer løysa tilkomst til felta, korleis ivaretaka skiløyper, grønne koridorar og korleis tomtereserven i området speler inn.</p> <p>Politikaran bes taka stilling til fritidsbebyggelse på Gardsmyrane.</p> |
| 47, 48, 80 | Næringsutvikling Simadal | <p>Styringsgruppa var utsikker på korleis det vil jobba med Simadal. I gjeldande kommuneplan er det regulert næring på områder mot sjø, sør for Sima. Området nord for Sima er regulert til offentleg område, herunder kraftverk. Områdene sør-aust har regulering som LNF og framtidig næringområde.</p> <p>Innspelet legg føringar for å auka storleiken på næringsområdet i Simadal.</p> <p>Politikarane bes taka stilling til kva som er ynskja utvikling Simadal.</p> |

| | | |
|----|---------------------------------------|---|
| 92 | Aktivitetssenter Fet / Garen golfbane | <p>Innspelet kom etter frista, men administrasjonen vurderer at det er viktig at innspelet kjem med i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Innspelet har vore omtalt i møte med styringsgruppa, dog har det ikkje vorte drøfta inngående. Det er frå styringsgruppa ikkje framlagt ein konklusjon på innspelet. Ut i frå KU og ROS-vurderinga er det ikkje anbefalt å arbeida vidare med innspelet grunna omsyn til naturmangfald, friluftsliv og kulturminne.</p> <p>Politikarane bes taka stilling til ynskja ny bruk av eksisterande golfbane på Fet.</p> |
|----|---------------------------------------|---|